

# ROALD AMUNDSEN OG ROBERT SCOTT EKSPEDISJONEN TIL SØRPOLEN



Roald Amundsen



Fire inuittar på båten til Amundsen i 1903.

**Roald Amundsen** er namnet til ein verdskjend nordmann. Han var ein oppdagar. Ein oppdagar er ein person som er nysgjerrig og modig. Han eller ho vil gjerne prøve å gjere noko som ingen andre har gjort før. Kanskje er dette noko som er farleg, utriveleg og vanskeleg.

Roald Amundsen var både modig og nysgjerrig. Og han ville gjere noko som ingen hadde gjort før han. Han ville vere den første mannen på Sørpolen.

Roald Amundsen hadde budd lenge saman med inuittar i Canada. Inuitane lever i kalde område i nord. Dei veit kva som trengst for å overleve i svært låge temperaturar. Amundsen lærte av dei. Han lærte mellom anna at klede av ull og selskinn er bra. I tillegg lærte han at polarhundar kan trekke tunge sledar, og at dei har tjukk og god pels som vernar mot kulden.

# ROALD AMUNDSEN OG ROBERT SCOTT



Oscar Wisting, Olav Bjaaland,  
Sverre Hassel og Roald Amundsen  
på Sørpolen 14. desember 1911.

Fotograf: Helmer Hanssen

Vi skal tilbake til 1911. Noreg er nyleg blitt eit fritt land, men dette fattige og kalde landet er ukjent for dei fleste europearar. Roald Amundsen vil forandre på dette. Då han høyrer at engelskmannen Robert Scott skal legge ut på ein ekspedisjon for å nå Sørpolen først, satsar Amundsen på å slå han i eit spennande og farleg kappløp.

Robert Scott er sjøkaptein og ein erfaren oppdagar. Men han har ikkje den same kunnskapen om kulde som Amundsen har. Derfor er utstyret til dei to ekspedisjonane veldig forskjellig. Scott brukar ponnihestar og motorkraft til å trekke sledane med bagasje. Hestane døy og motorane stoppar. Utstyret toler ikkje kulden.

Amundsen brukar hundar til transport av utstyr. Planen er å skyte dei svakaste hundane undervegs og bruke kjøtet til mat for både folk og hundar. Det er ein god plan, sjølv om mennene synest det er vondt å skyte hundane som har vore til så stor hjelp for dei.

Amundsen kjem først til Sørpolen. Scott vert skuffa då han kjem fram og ser det norske flagget. Det er eit stort nederlag for han. Men det verste er at både han og dei fire mennene hans døy på veg tilbake til startpunktet. Dei døy av kulde og svolt. Scott skriv dagbok og fortel om det som skjer før dei døy. Når vi les denne boka, forstår vi at Scott var eit klokt og godt menneske. Han hadde berre ikkje planlagt reisa godt nok.